

## KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/76/62

av 15. oktober 2009

## om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar

[meldt under nummeret K(2009) 7789]

(2009/822/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet siste punktet,med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 2 bokstav a), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES<sup>(3)</sup> er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) I tillegg vert kommisjonsvedtak 2001/881/EF av 7. desember 2001 om utarbeiding av ei liste over dei grensekontrollstasjonane som er godkjende til å føre veterinærkontroll med levande dyr og animalske produkt frå tredjestatar, og om ajourføring av dei nærmare reglane for kontrollen som veterinærakkyndige frå Kommisjonen skal føre<sup>(4)</sup> oppheva ved og bytt ut med vedtak 2009/821/EF.
- 3) Inspeksjonstenesta til Kommisjonen (Næringsmiddel- og veterinærkontoret) har i november 2008 utført ein inspeksjon ved grensekontrollstasjonen i hamna i Astakos i Hellas, i samsvar med vedtak 2001/881/EF.
- 4) Denne inspeksjonen avslørte ei rekkje strukturelle veikskapar. Den rette styresmakta i Hellas har difor utarbeidd ein handlingsplan for å rette opp desse veikskapane. Denne handlingsplanen er funnen å vere tilfredsstillande. Grensekontrollstasjonen i hamna i Astakos bør difor først opp i lista over godkjende grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 5) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

## Artikkel 1

I vedlegg I til vedtak 2009/821/EF, i den delen som gjeld Hellas, vert følgjande post sett inn før posten for den internasjonale lufthamna i Athen:

1	2	3	4	5	6
«Astakos	GR AST 1	P		HC-T(FR)(2), HC-NT(2), NHC-NT»	

## Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 15. oktober 2009.

For Kommisjonen

Androulla VASSILIOU

Medlem av Kommisjonen

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 296 av 12.11.2009, s. 59, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 61/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 13.

<sup>(1)</sup> TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

<sup>(2)</sup> TEF L 24, 30.1.1998, s. 9.

<sup>(3)</sup> TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1.

<sup>(4)</sup> TEF L 326 av 11.12.2001, s. 44.